

# Program for Nasjonal plankonferanse 26. og 27. november 2024

Oppdatert 26.11.2024

**Det blir fleire pausar enn det som står i dette programmet.**

## **Dag 1: Innlegg i plenum**

10.00-10.30: Registrering og rundstykke

**Kl. 10.30 Velkommen, litt info.**

### **Del 1: Nytt frå departementa**

#### Regjeringa sin planpolitikk.

*Statssekretær Ivar Bühring Prestbakmo, Kommunal- og distriktsdepartementet*

#### Korte oppdateringar frå ulike departement

Aktuelt frå Klima- og miljødepartementet, Bjørn Bugge

Aktuelt frå Nærings- og fiskeridepartementet, Margrete Bergmål

Aktuelt frå Helse- og omsorgsdepartementet, Vigdis Rønning

Aktuelt frå Kommunal- og distriktsdepartementet Knut Grønntun

#### Plan- og bygningslova i gode og vonde dagar

Ein gjennomgang av tolkingsfråsegner og dommar frå det siste året som klargjer handlingsrommet i plan- og bygningslova.

*Magnar Danielsen, Planavdelinga, Kommunal- og distriktsdepartementet.*

### **Del 2: Nye statlege planretningslinjer**

#### Nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet og energi og klima

Retningslinjene skal vere eit viktig verkemiddel for å følgje opp berekraftsmåla og våre nasjonale og internasjonale forpliktingar på natur-, klima- og miljøområdet. Dei skal fremje eit lågutsleppssamfunn gjennom utvikling av berekraftige, kompakte og attraktive byar og tettstadar. Korleis kan vi balansere vern og utvikling av areal? Kva er nytt, kva gir dei av føringar, korleis kan dei gi eit godt rammeverk i planlegginga?

*Ved Silje Flage Dragsund og Tonje Røland Brasetvik, Planavdelinga, Kommunal- og distriktsdepartementet.*

**kl. 13.00-14.00 blir det lunsj.**

### **Del 3: Arealpolitikken i støykeskeia**

Naturmeldinga – Berekraftig bruk og vern av natur.

*Bjørn Bugge, Klima- og miljødepartementet.*

Kva skjer i jordvernpolitikken?

*Wenche Westberg Statssekretær, Landbruks- og matdepartementet.*

Distriktsmeldinga, bysamfunnsmeldinga og bustadmeldinga for planfolk

Kommunal- og distriktsdepartementet har den siste tida lagt fram tre interessante stortingsmeldingar; ein om distrikta, ein om levekår i utsette bysamfunn og ein om bustadpolitikken. Vi får innlegg som snakkar om korleis desse er relevante for planfolk. Folk som har jobba med desse i KDD snakkar kort om korleis desse er relevante for planleggarar og bør påverke planlegginga rundt i landet framover.

*Ronny Kristiansen, Regionalpolitisk avdeling, Kommunal- og distriktsdepartementet*

*Line Opjordsmoen, Planavdelinga, Kommunal- og distriktsdepartementet*

*Hilde Moe, Planavdelinga, Kommunal- og distriktsdepartementet.*

### **Del 4: Verktøy og kunnskap**

Nok folk med rett kompetanse på rett stad

Litt om status på tilgang på planleggarar rundt om i landet. Kva blir gjort for å skaffe nok folk?  
*Toril Ringholm, Universitet i Tromsø, styreleiar i Forum for Utdanning i Samfunnsplanlegging.*

*Bård Sødal Grasbekk, Bylivssenteret, Norske Arkitektars Landsforbund.*

*Ingeborg Forseth, Møre og Romsdal fylkeskommune*

God medverknad

Kva kan fylkeskommunane og statsforvaltarane bidra med for å hjelpe kommunane til å få til betre medverknad i planprosessane.

*Anne Irene Myhr, Distriktssenteret*

Nye hjelpemiddel frå KDD

Kort presentasjon av katalogen med planføresegner og nasjonale sjekklister for plansaker. Presenterer også startpakka for nye planleggarar og enkelplanleggingen.no

*Ved Hilde Johansen Bakken, Planavdelinga, Kommunal- og distriktsdepartementet*

Når havet stig....

Presentasjon av ein ny rapport om havnivåstigning og ein rettleiar som er laga om dette.

*Matthew Simpson, Kartverket.*

**Programmet er ferdig til kl. 17.00.**

**Middag kl. 19.00, med aperitiff kl. 18.30.**

## Dag 2: Gruppedelte bolkar

08.30-09.00 Kaffi

Fire bolkar. Kvar bolk er ein time og tre kvarter, med eit kvarters pause midt i. Du kan skifte rom etter første rundar med bolkar.

Rom 1	Rom 2	
1. Samfunnsplanlegging	2. Fylkeskommunen	09.00-10.45
3. Vern og vekst	4. Distrikt	11.15-13.00

Lunsj kl 13.00-14.00.

### Del 1. 09:00-10:45.

#### 1. Samfunnsplanlegging

#### Kven har oversikt og kontroll over heilskapen?

Plankulturen sin betydning for god samfunnsplanlegging

Anne Irene Myhr, Distriktssenteret

Ny agenda for kommuneplanen sin samfunnsdel

Kristin Karlbom Dahle, Asplan Viak

Kommuneplanens samfunnsdel - fem korte påstander og én lang kjærlighetserklæring?

Timon Linderud, Rodeo Arkitekter

Kopling til økonomiplan eller papirtiger?

Per Elvestad, Statsforvaltaren i Troms og Finnmark

Panelsamtale og spørsmål frå salen.

#### Innsatsområde / Berekraft

Sosial bærekraft i en lokal kontekst

Vigdis Holm, Fremsam (Nettverk for helsefremmende samfunn)

Miljømessig bærekraft – tvil, håp og tro

Henning Berby, KS

Økonomisk bærekraft i kommunane - Eventyret om små steg og store sprang

Gard Jenssen, Norconsult.

Panelsamtale og spørsmål frå salen.

## 2. Fylkeskommunen i fokus

### Regionalt planforum

Korleis blir dette organisert? Erfaringsutveksling.

*Fay Veronika Kristensen, Rogaland Fylkeskommune*

### Ein støvel og ein sko?

Samspelet mellom Statsforvaltar og fylkeskommune i plansaker

*Anne Øvrejorde Rødven, leder for plan i Troms fylkeskommune*

*Hans Kristian Rønningen, leder for planseksjonen hos statsforvalteren i Troms og Finnmark.*

### Regional planstrategi – nyttig papirarbeid?

Eit fylke som nyleg har vore gjennom denne fasen fortel om sine erfaringar og lærdommar.

*Hege Arnesen og Gunn Nygard, Akershus fylkeskommune*

## Del 2. 11:15-13:00.

## 3. Vern og vekst? Meir effektiv arealbruk

Areal er ein knapp ressurs. Utbygging påverkar klimaendringane og tapet av natur, men bidrar òg til verdiskaping og levande lokalsamfunn. For å unngå nedbygging av natur, må vi framover planlegge for meir effektiv arealbruk. Nye føringar for arealpolitikken vil påverke utviklinga av både byar, tettstadar, næringsområde og fritidsbustadar. I mange område vil ting bli meir komplekst og vanskeleg. Ein må vurdere arealbruk i både lokalt, regionalt og nasjonalt perspektiv, og det trengst gode samarbeid mellom aktørar og forvaltningsnivå. Har vi nok kunnskap, og korleis får vi til ny praksis?

### Frå bystrategi til gjennomføring i praksis

Grenland sin nyleg vedtatte bystrategi er eit verktøy for fortetting med kvalitet. Bystrategien som er ein strategi for areal og transport blei vedtatt saman med Bypakke Grenland fase 2 før sommaren og omfattar kommunane Skien, Porsgrunn og Siljan og Telemark fylkeskommune. Bystrategien inngår i eit mangeårig forpliktande samarbeid om heilskapleg verkemiddelbruk i Grenland. Bak dei nye vedtaka ligg det enormt mykje fagleg kunnskapsgrunnlag (inkludert fortettingsstudie), og krevjande politiske prosessar  
*v/ Birgitte Hellstrøm, Bystrategi Grenland sekretariat, Telemark fylkeskommune*

### Fortetting og utvikling av fritidsbustadsområde

Korleis går ein fram for å bidra til at potensialet for fortetting eller utviding av eksisterande fritidsbustadsområde blir vurdert før ein legg til rette for utbygging i nye område? Erfaringar frå langsiktige arbeid med utvikling/planlegging av fritidsbustadsområde.

*v/ Terje Abrahamsen Statsforvalteren i Innlandet*

#### Regionale planar som strategisk verktøy for meir effektiv arealbruk

'Regional plan for arealbruk i Trøndelag handlar om at vi i framtida må forvalte areala meir effektivt og på ein meir miljø- og klimavennleg og attraktiv måte.'

*Sigrid Tørriseng Angen, Trøndelag fylkeskommune, vil fortelje om arbeidet med denne planen. Ho vil også referere til ei undersøking der kommunane fortel kva dei meiner om planane og dei blir brukt.*

#### Utredning om meir effektiv arealbruk, fortetting og transformasjon

Sintef jobbar på oppdrag frå KDD med ei større utgreiing, som skal bidra til betre kunnskap om utfordringar og barrierar i praksis og regelverk, erfaringar, døme og betre rettleiing.

*Status på prosjektet v/ Lars Arne Bø, Sintef Community,*

#### Liten mentometerundersøking blant deltakarane. Etterpå blir det fagsamtale med innleiarane mellom anna om svara på undersøkinga.

*Møteleiar: Ida Stenbråten Harildstad, planavdelingen, Kommunal- og distriktsdepartementet.*

## **4. Distrikta: Der ingen skulle tru at nokon kunne...**

#### Bustadutfordringar i distrikta

Husbanken har eit eige eldrebustadprogram. Dei fortel om utfordringar og tiltak for å sikre at det blir bygd bustadar som passar til eldre i distrikta. Vi får òg ei orientering om bustadmeldinga med distriktpolitiske briller.

*Ingebjørg Fiskum, Bolig- og bygningsavdelinga, Kommunal- og distriktsdepartementet.  
Hermund Urstad, Husbanken*

#### Interkommunale plankontor

Fleire stadar i landet blir det jobba med å etablere interkommunale plankontor. Her får vi meir informasjon om denne samarbeidsforma.

*Berit Sæteren, Plankontoret (Rennebu, Oppdal, Rindal, Holtålen, Midtre Gauldal, Meråker, Tydal og Aure) Digitalt innlegg.  
Per Elvestad, Statsforvaltaren i Troms og Finnmark*

#### Korleis støtte dei minste kommunane?

Mange kommunar slit med små fagmiljø på planleggingsfeltet. Her får vi høyre litt om korleis to fylkeskommunar jobbar for å styrke dei.

*Synnøve Valle, Møre og Romsdal fylkeskommune,  
Anne Caroline Haugan, Trøndelag fylkeskommune.*

**Lunsj kl. 13.00-14.00**